



Bente Nilsen, Gunn Mari Moberg og Kjersti Børve får ikkje inn leigebuarar i toppetasjen på Sanden førebels. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Sanden Leilegheiter i Uskedalen blir forseinka. Opprinneleg vart dei fem leilegheitene oppå Spar-butikken lova innflyttingsklåre i mai 2007, men det held slett ikkje. Når innflyttinga kan skje, tør ikkje arkitekt Gretha Rød i LEAD Inc. seia noko som helst om no. Det er fleire forseinkande faktorar. Toppetasjen har stått tom og nytta sidan butikk-utvidinga i 2002.

- Er det kommunen det framom alt heng på, Rød?
 - Ja, behandlinga der tek si tid. Prosjekta står i kø i Kvinnherad for tida og no kan dei ikkje lova at dette prosjektet kan vera ferdigbehandla før i mars/april. Og det skuldast slett ikkje at dette er eit problematisk prosjekt for kommunen, Det er tvert i mot eit lett prosjekt, kan eg slå fast etter den kontakt vi har hatt med dei. Eg har inntrykk av at næringsbygg blir prioriterte og deretter kjem private prosjekt.

- Men det gjenstår arbeid også for dykk?
 - Medan vi ventar på kommunen arbeider vi vidare med prosjektet saman med Prosjektkonsult. Men det gjeld berre mindre justeringar i høve til det konseptet som vart marknadsført i fjor. Vi skal gjera alt klårt for anbudsutlysing. Men alle firma har så mykje å gjera utover i dette året at det neppe er realistisk for nokon å starta arbeidet på Sanden før på haustparten. Og når leilegheitene då kan bli ferdig, tør ikkje eg ha noko meining om no, seier arkitekten.

Dagleg leiar i SPAR Bente Nilsen opplyser til uskedalen.no at dei fekk respons frå potensielle leietakarar då prosjektet vart marknadsført, for ein pris på mellom 5.000 og 7.000 kroner i månaden. Men det var forståeleg nok ikkje mogeleg å underteikna kontraktar før dei visste meir om framdrift og andre faktorar.
 - Dette prosjektet skil seg frå alle andre prosjekt i bygda fordi det gjeld utleige, seier Bente.

To av leilegheitene (dei som ligg vendt mot parkeringsplassen og kyrkja) får etter dei opprinnelege planane eit bruksareal på 91 kvadratmeter medan dei tre som er vendt mot Sandavegen og fjorden er på 68 kvadratmeter. Alle fem får ein 18 kvadratmeter stor hems med takvindauge og ein balkong på sju kvadratmeter.

Av Ola Matti Mathisen